

## Tabell C-k

### Saker med særskild fordeling. Kommunane.

*Følgjande saker er gitt ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet i 2014:*

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1 000 kr
1	Inndelingstilskot	KRD	96 401
2	Trekk Nannestad og Ullensaker	KRD	-19 350
3	Kompensasjon samhandlingsreforma	KRD	324 517
4	Helsestasjons- og skulehelseteneste	HOD	180 000
5	Utdanning av deltidsbrannpersonell	JD	36 000
6	Overtaking av ansvar for Hunstad skule	KD	1 900
7	<i>SUM</i>		<i>619 468</i>

#### Kolonne 1 – Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet blir gitt som kompensasjon til kommunar som sluttar seg saman. Inndelingstilskotet blir fryst reelt i 15 år, og blir deretter trappa gradvis ned over 5 år. For nærare omtale av inndelingstilskotet blir det vist til innleiinga og til kapittel 18.2 i St.prp. nr. 64 (2001–2002) *Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2003*. I 2013 blir det gitt inndelingstilskot til seks kommunar (kommunane Re, Vindafjord, Aure, Bodø, Kristiansund, Inderøy og Harstad).

#### Kolonne 2 – Trekk Nannestad og Ullensaker

Nannestad og Ullensaker har i perioden 1993–2008 motteke finansieringsbistand i form av skjønnsmidlar i samband med etableringa av Oslo Lufthamn, Gardermoen. Totalt har kommunane motteke 735,5 millionar kroner, der 387 millionar kroner skal tilbakebetalast i 20 like store avdrag frå og med 2009. Dette blir gjort ved eit trekk i rammetilskotet til Nannestad og Ullensaker på 7,43 og 11,92 millionar kroner årleg t.o.m. 2028.

#### Kolonne 3 – Kompensasjon samhandlingsreforma

Frå og med 1. januar 2012 fekk kommunane medfinansieringsansvar for medisinske opphald og konsultasjonar i spesialisthelsetenesta og betalingsansvar frå dag 1 for utskrivingsklare pasientar som blir liggande på sjukehus.

I sum vart det overført nok midlar til å dekke utgiftene ved kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar i 2012. For enkeltkommunar kan det være noko avvik mellom historisk sjukehusforbruk for den enkelte kommune (dvs: ei tenkt rekning om kommunane hadde hatt dette ansvaret dei siste åra) og fordelinga etter kostnadsnøkkelen. Dei kommunane som dei siste åra før samhandlingsreforma hadde hatt eit høgare forbruk innan kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar enn det dei ville få når midlane vart fordelt etter kostnadsnøkkelen, fekk derfor i ein overgangsperiode ein eigen kompensasjon. Fordelinga vil liggje fast i tre år. Samla kompensasjon var på 305 mill. kroner i 2012. I 2014 er kompensasjonen prisjustert, medan fordelinga mellom kommunar er lik som i 2012.

#### **Kolonne 4 – Helsestasjons- og skulehelseteneste**

180 mill. kroner av veksten i frie inntekter i 2014 er grunngeve med behovet for styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta. Midlane inngår i rammetilskotet til kommunane, men er fordelt særskilt basert på tal på innbyggjarar i alderen 0-19 år. Det er satt eit minstenivå på 100 000 kroner per kommune, slik at mindre kommunar, som ved fordeling basert på innbyggjartal ville fått mindre enn dette, er sikra minimum 100 000 kroner av midlane.

#### **Kolonne 5 – Utdanning av deltidsbrannpersonell**

For å leggje til rette for å auke utdanninga av deltidsbrannpersonell er 36 mill. kroner av rammetilskotet fordelt særskilt til kommunar ut frå talet på deltidsbrannpersonell i kvar kommune. Der det er vertskommunesamarbeid om brannvesen er midla fordelt til vertskommunen. Regjeringa legg til grunn at vertskommunane sørgjer for at midlane kjem alle kommunane i samarbeidet til gode.

#### **Kolonne 6 – Overføring av Hunstad skule frå Statped til Bergen kommune**

Etter avtale mellom Bergen kommune og Kunnskapsdepartementet blir skuledrifta ved Hunstad skule overført frå Statped til Bergen kommune frå skuleåret 2014/2015. Som følge av dette blir rammetilskotet auka med 1,9 mill. kroner i 2014. Midla vil i 2014 og 2015 bli fordelt særskilt til Bergen kommune. Frå og med 2016 vil midla bli fordelt etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet.

#### **Kolonne 7 – Sum saker med særskild fordeling**

Summen av kolonne 1 – 6. Talet er nytta i tabell 2-k, kolonne 3. Tilskota er lagt inn i inntektssystemet, men er halden utanfor berekninga av inntektsgarantiordninga i 2014.